
Saknr: 2020/35585-2
Saksbehandlar Silje Lyngstad
Dato: 23.01.2020

Til: Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Endring av reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune til form som forskrift

Alle kommunar og fylkeskommunar, inkludert Vestland fylkeskommune, vart ved brev av 04.12.2019 frå kommunal- og moderniseringsdepartementet gjort merksam på at det etter kommunelova av 2018 ikkje er høve til å regulere reglar knytt til godtgjersle for dei folkevalde i *reglement* slik det tidlegare har vore høve til. Slike reglar skal no vedtakast som forskrift, sjå til dømes kommunelova § 8-3 om dekning av utgifter og økonomisk tap.

På denne bakgrunn har fylkesrådmannen omarbeidd «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune» til «Forskrift 15. oktober 2019 for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune» i tråd med forvaltningslova sine reglar om formkrav.

Fylkesrådmannen vil presisere at forskrifta innholdsmessig **ikkje** skil seg frå «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune» som vart vedteke av Vestland fylkesting 15.10.2019. Den einaste skilnaden vil vere utsjåande og form.

Reglar om formkrav og kunngjering av forskrifter vert regulert av forvaltningslova § 38. Fylkesrådmannen vil sørge for at alle formkrav vert ivareteke samt sørge for at forskrifta vert kunngjort i Norsk Lovtidend (sjå § 38, første ledd bokstav c).

Fylkesrådmannen ønskjer og klargjere at sjølve prosessen ved utarbeidinga av reglane for godtgjersle har vore i vareteke i samsvar med forvaltningslova sine reglar, sjå forvaltningslova § 37 anna ledd, jf. § 39. Gjennom ein grundig behandlingsprosess i både fellesnemnda og fellesnemnda AU og Vestland fylkesting har reglane vorte forsvarleg høyrd og gjort kjent for dei folkevalde og for offentlegheita.

Endring frå reglement til forskrift har ikkje samband med vedtak gjort av fylkestinget 17.12.19 i PS 19/19. Dette vil komme som ei eiga sak til fylkestinget i juni.

Vedlegg:

Brev frå kommunal- og moderniseringsdepartementet
Forskrift 15. oktober 2019 for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune.